



Radu Lucian Corfariu  
Osterfjordvegen 1273  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3160 - 23/24392

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no  
o

Dato:  
28.03.2023

## Forhåndsvarsel om overtredelsesgebyr - gbnr 214/72 Fyllingsnes

**Tiltak:** Påbygg naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/72 Skrenten  
**Tiltakshavar:** Radu Lucian Corfariu

### Førehandsvarsel om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at Alver kommune, vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

### Bakgrunn for førehandsvarsel om gebyr for brot

Alver kommune har vorte merksam på påbygd naust på eigedom med gnr. 214 bnr. 72. På bakgrunn av dette vart det gjennomført tilsyn med eigedommen. Det vart i forbindelse med tilsynet avdekket at det var gjort søknadspliktige endringar på naustet. I etterkant av tilsynet har det vore gjennomført ein søknadsprosess som har resultert at naustet i dag er legalisert med litt anna utforming enn det som opprinneleg var bygd. Det ulovlege tilfellet er no retta.

Forholdet var i strid med plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 20-1. Det kan etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd bokstav b verte pålagt gebyr for brot på pbl.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at *«aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som offest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»*

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt fordi tiltakshavar (den

ansvarlige) i forkant av arbeidet burde gjort seg kjent med regelverket og undersøkt om tiltaket var søknadspliktig. Kommunen meiner at tiltaket hadde eit omfang som tiltakshavar burde forstått at var søknadspliktig. Tiltaket er i tillegg i strandsona som er underlagt særskilt vern og der det skal lite til for at arbeid er søknadspliktig.



Bilde av naust tatt vår 2021



Bilde av naust tatt haust 2022

### Dykkar rettigheter

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 01.05.23.** Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr 21/3160 eventuelt gbnr 214/ 72.

### Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .
- Frist for uttale er minimum 3 veker, jf. plan- og bygningsloven §32-8.
- Rett til å avstå frå å uttale seg i saka, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) §16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Cristina-Maria Corfariu  
Radu Lucian Corfariu

Osterfjordvegen 1273  
Osterfjordvegen 1273

5913  
5913

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG